

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Inga Jorunn Nåmdal	FA - C54	15/52

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
024/2015	Formannskapet	PS	17.03.2015

Avtale om overdraging av motorbåten "Blien"

Forslag til vedtak:

Modalen kommune overdreg motorbåten «Blien» vederlagsfritt til Øystein Senneseth på dei vilkår som framgår av vedlagd avtale mellom partane.

Saksopplysningar:

Bakgrunn:

«Blien» vart bygd i England som seglfarty rundt 1914. Båten kom til Modalen på byrjinga av sekstialet i samband med strekking av kraftliner. Martin Steinshaug kjøpte «Blien» i 1969, den fekk då base i Mostraumen og vart brukt som skyssbåt.

I 1995 fekk Modalen kommune «Blien» i gåve frå Martin Steinshaug. Avtalen var at kommunen skulle vedlikehalda og ta vare på båten. Det synte seg at det måtte gjerast eit stort og tidkrevjande arbeid på båten, noko som har kosta mykje.

Vurdering:

Dei siste 10 åra har Veteranklubben «Sjøtun» på Stamnes hatt ansvar for «Blien» i sommarhalvåret, mot ei årleg godtgjering frå Modalen kommune. Dette har vore ein god og viktig avtale, klubben har teke godt vare på båten og halde den i framifrå stand.

Klubben har no meldt i frå om at det må gjerast ein del med båten att og til dette arbeidet må det leigast fagfolk. Skal kommunen betala for eit slikt arbeid må båten ha ein større nytteverdi enn slik det er i dag.

Øystein Senneseth, som har overteke garden i Mostravika der båten tidlegare høyrde heime, ynskjer å ta hand om «Blien» og sikra den for framtida. Han har sett på båten og han er villig til å ta over ansvaret for den slik den er. Senneseth vil stasjonere båten i Mostraumen og han ønskjer å kunne leggje til rette for bruk av båten i lokale samanhengar.

Konklusjon:

Modalen kommune ser det som ei god løysing at Øystein Senneseth får overta «Blien». Han har ulike planar for bruk av båten og han har som mål at den fine gamle båten skal takast i bruk og verta synleg på fjorden att.

Formannskapet - 024/2015

FOR - behandling:

Følgjande avtale vert lagt til grunn for ein avtale mellom partane:

AVTALE VEDKOMANDE OVERDRAGING AV «BLIEN»

Mellom Modalen kommune og Øystein Senneseth fnr.
er det inngått slik avtale for overdraging av motorbåten «Blien».

I 1995 fekk Modalen kommune «Blien» i gåve frå Martin Steinshaug. Steinshaug var busett i Mostraumsvika og hadde nytta «Blien» som skyssbåt i området her. Føresetnad for gåva var at Modalen kommune skulle vedlikehalda og ta vare på båten.

Modalen kommune har sett båten i stand og halde den vedlike som føresett, men dei siste åra har båten våre lite i bruk. Veteranbåtklubben på Stamnes har føreteke naudsynleg vedlikehald av båten dei siste åra. Dette er det no problem å vidareføra.

Øystein Senneseth er i slekt med Martin Steinshaug og har overteke slektsgarden i Mostraumsvika. Øystein Senneseth har maritim bakgrunn og er oppteken av å ta vare på kulturhistorie, reiskapar og bygningar på garden i Mostraumsvika. Han har derfor stor interesse for å overta «Blien» og tilbakeføra den til miljøet i Mostraumen. Øystein Senneseth er derfor villig til å overta eigarskap og ansvar for vidare vedlikehald av «Blien».

Partane legg følgjande vilkår til grunn for overdraginga:

1. Modalen kommune overdreg «Blien» slik den no er, vederlagsfritt til Øystein Senneseth .
2. Ved underteikning av denne avtalen tek Øystein Senneseth på seg ansvar og kostnader med framtidig vedlikehald og forsvarleg lagring for å ta vare på båten.
3. Senneseth forpliktar seg til å ikkje selje eller overdra båten til andre eigarar i ein avgrensa periode på minimum 10 -ti- år frå inngåing av denne avtalen. Om båten av ulike grunnar må skifte eigar i løpet av denne tiårsperioden skal ei eventuell overdraging godkjennast av Modalen kommune.
4. Øystein Senneseth vil i avtaleperiode stasjonere «Blien» ved Mostraumen og leggje til rette for bruk av båten i lokale samanhengar.

Denne avtalen er underteikna i 2 -to- eksemplar, eit til kvar av patane.

Mo den 2015

Modalen kommune
ordfører

Øystein Senneseth

Samrøystes

FOR - vedtak:

Modalen kommune overdreg motorbåten «Blien» vederlagsfritt til Øystein Senneseth på dei vilkår som framgår av vedlagd avtale mellom partane.

Vedlegg:

Avtale "BLIEN"